



**Hareide vil frem-skynde ny E16**

NYHETER // SIDE 4

**FOLKERETT:** Hvis Norge skal tale om folkerett med troverdighet, kan vi ikke lukke øynene for den urett Marokko begår i Vest-Sahara.

KRONIKK // SIDE 24



**Mjelde snakker ut om kaos-tiden i Åsane**

SPORT // SIDE 18-19

## Kjersti vann over Posten i Høgsterett. Oppseiinga er kjent ugyldig.

NYHETER // SIDE 2-3

FOTO: RUNE SÆVIG

**LETTA:** – «Vi vant!», sa advokaten min i telefonen. Då kom tårene. No er eg berre utruleg glad og letta, for dette har vore ein tøff og lang prosess, seier Kjersti Myrjord (50).

metis PRIVATISTSKOLE

**HØSTENS PRIVATISTKURS ER KLARE**  
- Book gratis rådgivning i dag!

» LES MER PÅ [WWW.METIS.NO](http://WWW.METIS.NO)



# Kjersti mista jobben i Posten og gjekk til sak. No har ho vunne, og den sigeren gjeld ikkje berre for henne.

**GURO VALLAND**  
Guro.Valland@bt.no  
foto **RUNE SÆVIG**

– Eg tenkte: dette er urimeleg. Eg tek kampen, seier Kjersti Myrjord (50).

Ho byrja som postbud. Så steig ho i gradene. Myrjord hadde 18 års ansiennitet då Posten sa henne opp. Bakgrunnen var ei større omorganisering i Region Vest, der minst ti driftseiningar vart til fem.

– Det var utenkjeleg at eg skulle ut. Sist inn, sist ut. Det var mi oppfatting.

Sommaren 2014 kom beskjeden om at det ikkje lenger var plass til henne. Myrjord jobba då som distribusjonsleiar. I staden vart ho tilbydd stilling som postbud, samt eit personleg lønstilllegg. Beløpet tilsvarte løns-

differansen. Det var uaktuelt å takka ja.

– Eg tenkte: dette er urimeleg. Eg tek kampen.

## – Då kom tårene

Med kamp meiner ho rettssak. Oppseiinga måtte vera ugyldig og usakleg, meinte Myrjord, og saman med fagforeininga Lederne gjekk ho til søksmål mot Posten Norge.

Først no, etter to og eit halvt år, kan Myrjord pusta letta ut. Ein fersk dom frå Høgsterett slår fast at Posten si oppseiing var ugyldig.

– «Vi vant!», sa advokaten min i telefonen. Då kom tårene. No er eg berre utruleg glad og letta, for dette har vore ein tøff og lang prosess, seier Myrjord.

I forkant av oppseiinga til-



**ENDELEG FERDIG:** Kjersti Myrjord er stolt over at ho torde å gå til sak mot Posten, og kan ikkje få rosa advokaten og fagforeininga si nok. – Eg hadde aldri klart det utan dei, seier ho.

sette Posten Norge nye leiarar i faste stillingar. Sjølv om behovet var mellombels, vart Myrjord forbigått av desse nyttilsette i utveljingsprosessen.

Spørsmåla om utveljing og utvalskrins ved nedbemanning vart difor sentrale i domstolane, ikkje berre ein, men tre gonger:

Først vart det nederlag i tingretten, men Myrjord anka vidare til lagmannsretten, og vart. Så anka Posten Norge til Høgsterett.

#### Arbeidstakar sine interesser

– Dommen stiller strenge krav til å sjå heilskapleg på omorganiseringar, og ikkje rota vekk dei moglegheitene ein har for at tilsette skal få behalda stillingane sine. Høgsterett slår fast at arbeidstakar sine interesser veg

tungt når det gjeld oppseiing, seier advokat Oddvar Lindbekk frå Advokatfirmaet Norman & Co, som førte saka for Lederne.

#### Kan gi ringverknader

Eit fleirtal på fire dommarar kom fram til at oppseiinga ikkje er gyldig, og synte til at Posten under omorganiseringa hadde tilsett driftsleiarar i faste i staden for mellombels stillingar.

«Dette var i strid med de prinsipper som lå til grunn for Postens generelle omstillingsavtale med arbeidstakerorganisasjonene, og med de særskilte drøftingene med de tillitsvalgte i sakens anledning», heiter det i samandraget frå Høgsterett.

– Spesielt i denne saka er det at Posten Norge tilsette fleire nye i same stillingstype som

## FAKTA

### Avgjerda si tyding

● Avgjerda påverkar kva som vert rekna som ein sakleg utvalskrins i arbeidsretten, til dømes om krinsen berre skal gjelda ein avdeling eller om han skal gjelda heile verksemda ved nedbemanning.

● Avgjerda påverkar òg kva som må vera arbeidsgjevar sin planleggingshorisont ved styrt nedbemanning.

Kjelde: Høgsterett

«Vi vant!», sa advokaten min i telefonen. Då kom tårene. No er eg berre utruleg glad og letta, for dette har vore ein tøff og lang prosess.

Kjersti Myrjord, posttilsett

det dei på same tid rekna med å nedbemanna av. Dette skuldast eit mellombels behov under omstillinga, men likevel vart dei fast tilsett, seier advokat Lindbekk.

Mindretalet på ein dommar meinte oppseiinga var sakleg, og synte til at arbeidsmiljøloven sin hovudregel er fast tilsetning, og mellombels tilsetning ikkje kan veljast «selv om det fremtidige behovet for arbeidskraften skulle være usikkert.»

#### Posten:– Overraska

– Me er overraska. Me hadde venta eit anna resultat, seier pressesjef John Eckhoff i Posten Norge.

Konsernet har stått i ein omstillingsprosess i lang tid. Berre i fjor kutta Posten 845 årsverk. Enno er dei ikkje ferdige med å redusera kostnader, og ytterlegare kutt er varsla.

Posten ser ikkje bort frå at utfallet frå Høgsterett kan påverka omorganiseringa som Posten framleis står i.

– I så fall skal me tilpassa oss ein slik prosess i nært samarbeid med dei tillitsvalde, men først må me setja oss nøye inn i Høgsteretts grunngevnadar. Deretter vil me vurdere om dommen får tyding for omstillingsprosessen me er oppi, seier Eckhoff.

Han understrekar at dei først over helga vil få sett på avgjerda frå Høgsterett.

#### Vil ha jobben attende

Medan prosessen har halde på, har Myrjord veksla mellom å jobba som leiarstøtte og vore sjukmeld grunna ei vond skulder.

No som saka endeleg er over, og oppseiinga er kjend ugyldig, er ho fast bestemt på å koma attende i sin gamle jobb som distribusjonsleiar.

Det kan derimot ikkje Posten på ståande fot garantera.

– Dette er ei sak mellom den tilsette og Posten Norge, seier Eckhoff.

# Fanget Norges største tangbrosme



**FORNØYD:** Like før midnatt fredag kunne Mathias Botnen fra Fyllingsdalen vise frem en femtrådet tangbrosme på 210 gram. Det er norgesrekord.

FOTO: PETER STENHJEM LIE

Fredag like før midnatt fikk Mathias Botnen en fangst han sent vil glemme.

TORUNN A. AARØY  
torunn.aaroy@bt.no

– Fisken er isolert sett ikke veldig stor, men til femtrådet tangbrosme å være er den enorm, slår Endre Hopland fast.

Han er redaktør i sportsfiskemediet Hooked.no. Og de har tittelen klar: «Denne vesle tjukkasen er norgesrekord».

#### På hemmelig sted

Det var Mathias Botnen (21) fra Fyllingsdalen som stolt kunne vise frem tangbrosmen natt til lørdag. Den veier 210 gram og var 26 centimeter lang.

Den forrige norgesrekorden skal ha vært på 186 gram.

– Jeg og en kompis var ute og fisket på Sotra. For to-tre dager siden hadde jeg på den samme tangbrosmen, men den forsvant. Så vi hadde den litt i baktankene da vi dro for å fiske. Men vi så også etter kystringbu, sier Botnen.

Akkurat hvor han fisker etter denne type fisk, vil han ikke si. Det er hemmelig blant dem som driver med såkalt nattlig kikkmeite.

– Men vi finner denne type fisk langs steinrøyser og moloer. Der gjemmer de seg gjerne i små grotter, sier Botnen.

#### Lå blant tangblad

Han og kameratene satte ut flere stenger. De bruker

både boltrigg og rekebit som agn.

– Etter to timer så jeg at fisken lå blant noen tangblad, sier Botnen.

Dermed plasserte han agnet rett foran snuten på fisken.

– Den trengte ikke å bli bedt flere ganger, sier Botnen.

Han har også tatt to nært beslektede tangbrosmer tidligere: Nordlig tangbrosme og strandtangbrosme. Det skjedde i Øygarden, og han er en av få som har fanget disse.

#### Sjelden sort

– Tangbrosmen er ikke helt uvanlig på Vestlandet, men så store er veldig sjeldent. Jeg har også slitt med å få dem på kroken. Det var utrolig kjekt når jeg først klarte det, sier Botnen.

Vanligvis veier en tangbrosme 60-100 gram. Denne her var altså over dobbelt så stor.

– Og så hadde den en solid ølmage, sier Botnen.

#### Ble hektet

Tangbrosmen jakter etter mat når det er mørkt og er nesten blind på dagtid. Derfor er det på kveldstid den kan tas. Ellers på døgnet gjemmer den seg.

Botnen forteller til nettstedet Hooked at var kameraten som fikk han hektet på denne type fiske tre-fire år siden.

– Nå sitter jeg med 67 noterte arter, inkludert alle de tre tangbrosmeartene det er realistisk å få på stang i Norge. Det er en god følelse, sier han til nettstedet.